



Kolset Tidende

Nr 1 * Årgang 23

Mai 2019

Innhold:

Styret har ordet

Glimt frå Kolset Oppvekst

Smalsarhorn Skulemusikk

Vakker og variert vårfest

Turstien i Blålida – eit lite steg vidare

Rugsund Skyttarlag terminliste

Stor aktivitet i skyttarlaget

Claus Frimann-jubileum

LIL informerer

Baneprosjektet

Husstyret

Gloføykje

Program for 17.mai i Kolset krins

STYRET HAR ORDET

Da er vi tilbake med eit nytt nummer av bygdeavisa Kolset Tidende. Feiring av nasjonaldagen står for døra, og vi har lov til å håpe på at vi skal få ein strålande dag. Program for dagen finn du lenger bak i avisa.

Mykje har skjedd sidan vi ga ut julenummeret av bygdeavisa. Frelsesarmèen var tilbake i bygda og heldt juletreff, og det er halde ei rekkje andre arrangement i regi av lag og organisasjonar i krinsen. Dugadar både på Gloføykje, på kunstgrasbana, på skytebana, grillplass i båthamna, på turløypa i Blålida, og både inne og ute på oppvekstsenteret, mellom anna med heilt nytt lydanlegg i gymsalen. Og fleire dugadar må vi rekne med det kjem til å bli ut over våren. Ingen skal seie at det er lite aktivitet i bygdene våre.

I mars kom nok ein ny sambygding til verden, ungdom flytter tilbake til bygda med eller utan sambuarar, kjøper eller leigar bustad, og vi synes det er mykje positivt som skjer i bygda. I KKKU har vi også prøvd å rekruttere familiar med born i barneskulealder ved å freiste med noko husleigesponsing. Det er viktig å halde trykket på marknadsføring av ledige utleigebustadar, og vi håpar KKKU vert kontakta om nokon vurderer å leige ut bustad.

Skulen vår på Kolset har vore trua med nedleggjing i mange år. Før og etter jul har denne saka svingt fram og tilbake, men har til slutt enda opp med å vere drifta av kommunen fram til sommaren 2020. Kolset Montessoriskule SA er etablert med tanke på friskuledrift frå og med hausten 2020, søknad er sendt, og akkurat no ligg saka i hendene på Kunnskapsdepartementet.

No gler vi oss til å feire nasjonaldagen saman, eit av dei store høgdepunktane kvart år i krinsen vår. Og ei storslått feiring av nasjonaldagen har vi kvart år. Dei av oss som har bakgrunn frå byen kan i alle fall fortelje at makan finn du ikkje der.

Gratulerer med dagen til alle i Kolset krins!

GLIMT FRÅ KOLSET OPPVEKST



Tysdag 30.april var 1.-3.kl. på gardsbesøk i Ålfoten, på garden til Bjarte og Hilde Myklebust, og to andre eigarar.

Vi var i lag med elevar frå Kalvåg. Det var morosamt. Vi fekk sjå oksar, kyr, kalvar, hane, høner, kyllingar, villsvin, kanin, sauer med horn, lam, katt og hund.



Vi var med på morosame konkurransar.



7. MAI VAR DET DUGNAD PÅ KOLSET OPPVEKST SITT UTEOMRÅDE.

Tusen takk til alle som møtte opp og eller bidrog med gode kaker!
Det vart gjort mykje godt arbeid av 30-40 barn og vaksne!

Glimt frå Kolset barnehage



Tysdag 9. april drog ungane i Kolset Barnehage på tur til Blålid. Her leita vi etter froskeegg. Nokre froskeegg tok vi med tilbake til barnehagen, for å følgje utvikla til å bli frosker. Ungane hadde smørt med seg niste, som vi åt på Blålidflaken.



Vi var også på besøk i fjøsen til Dagfrid, der vi fekk sjå nyfødte lam.



GLIMT FRÅ KOLSET OPPVEKST



Filmprosjekt

Vi starta før påske med teori. Då lærte vi blant anna om kameravinkel, fargar og roller bak og framfor kamera. Deretter valte vi sjanger på filmen vi skulle lage. Så starta vi med å skrive manus og valte roller.

Vi bestemte oss for sjangeren drama. Alle fikk prøve seg både bak og framfor kamera. Kostymer tok vi med heimanfrå. Vi brukte skulen sitt område, både ute og inne, til filming. Vi redigerte filmen med programmet «Movavi Video Editor Plus». Vi måtte overføre videoklippa frå telefon til PC og klippte dei saman. I redigeringsprogrammet brukte vi forskjellige lydeffektar og la til visuelle effektar som til dømes «slow motion». Til slutt la vi på rulletekst og introtekst.

Filmen vi har laga heiter «Bad girls» og handlar om spenning og mobbing innanfor sjangeren drama. Rebecca er ny på skulen og kjem i konflikt med Lena og Charlotte. Det blir kjæleiksdrama og ein dose vold mellom elevane. Vi meiner filmen passar for barn og ungdom, men husk: ikkje sjå den aleine!

Dette prosjektet har vore veldig lærerikt og vi ønskjer å gjere fleire liknande prosjekt seinare. Helsing alle i 5.-7. klasse v/Kolset oppvekst.



Bilde frå ei scene i filminnspelinga.

Smalsarhorn Skulemusikk

Sesongen 2018/2019 kan vi oppsumme slik.

Vi er ein herleg gjeng med born, ungdomar og vaksne som spelar ilag. Vi øver kvar måndag frå 17.30-20.30. Oppmøte kan variere frå 5-10 stk. til 18-20 stk. Det er takhøgde for at turnusarbeid og andre aktivitetar kan kollidere med øving, så derav variert oppmøte.



Vår faste dirigent er Fay Løvseth. I haust og vinter har Raimund Hoclas vert vikar for Fay. Vi takkar Raimund for kjekke øvingar som gav inspirasjon. Vil også takke Johnny Sælemyr for hjelpa og utviklinga han tilfører korpset. Med sin dyktigheit og på ein

effektiv måte, losa han oss gjennom eit konsertprogram til ein basar i november og julekonsert i Desember.



Korpset fekk veldig gode tilbakemeldingar frå publikum, nokre meinte at korpset har aldri spelt betre. Slikt varmar både musikantar og dirigentar. Vi er svært takknemlege for den gode omtalen.

Søndag 11. november 2018 arrangerer vi julemesse for 3. gong. Det er ikkje det aller største inntektsbringande arrangementet vi har, men det er moro å lage eit så vellykka arrangement og ikkje minst å klare å samle folk frå alle bygdene rundt oss.



Vi vil nytte anledninga til å takke alle som støtta oss på basaren i mars. Alltid kjekt å spele for bygda vår! Korpset gjennomførte ein flott minikonsert med Raimund Hocklas som dirigent, der også aspirantane fekk vise seg fram!

1.mai spelte korpset ilag med Svelgen skulemusikk under 1. mai arrangementet! Ein fin generalprøve før 17. mai. Gjengen i Smalsarhorn skulemusikk, gledar seg til å spele for bygda 17.mai! Det er stor stas med uniformerte og bunadskledde musikantar, som spelar marsjar og nasjonalsongar for bygda si.

Bileta under viser flittige damer som villig hjelper SSM med vedlikehald av uniformene. Vi musikantane øvde og Eldrid, Grethe og Britt fekk god underhaldning i arbeidet sitt. Ei



uunnverlege hjelp, damene gav korpset.

Vi i Smalsarhorn vil ynskje alle ein god sommar og takke hjarteleg for all hjelp, støtte og gode ord. Dette inspirere oss til å fortsetje og oppretthalde korpset i bygda. Kolset Krins er ein flott stad å bu i.

Vakker og variert vårfest i Kolset

Onsdag 24. april arrangerte Seniordansen eit stort vårtreff som vi kalla «Vi over 60». Alle som kjem inn under det omgrepet i krinsen vår, pluss heile sørsida til og med Isane, var inviterte. Påmeldingane let vente på seg, men i siste liten strøymde dei inn. Med oss sjølve var vi 93 deltakarar på festen.

Før vi sende ut innbydingane, hadde vi sikra oss mange fantastiske underhaldarar. I tillegg deltok vi sjølve med nokre innslag – og sjølvstakt med god servering. Denne bestod av flotte smørbrød og 10 bløtkaker, og vi trur alt smakte, for stemninga ved borda var god, og praten gjekk livleg. Ei toradargruppe, Per Helge og Oddvin Hauge med fleire, spelte fleire nummer under matøkta, og på slutten var det ein artig quiz som Hans hadde laga.

Første innslag på programmet var ein stemningsfylt song, «Våren i vest», følgt av nydelege bilete på skjermen frå bygdene her. Vårgrøne marker, krokusar, fjell, fjord, dyr og aktivitetar kom med. Kristine song akkompagnert av fleire, og Margunn var ansvarleg for tekst og bilete. Deretter fekk vi ei forrykande danseoppvisning av kulturskulen. Dei har øving i gymsalen i Kolset kvar onsdag, og når vi spurde om å få salen, tilbød dei å vise oss kva dei har øvd på. Jenter og gitar i grunnskulealder viste oss eit variert og flott program.



Vi var så heldige at Arve Haugland kom heim og var med oss. Han spelte til nydelege songar av Kristine, til allsongar og bordsong, og saman med dei som kallar seg «Kjekt i lag». Dei andre i denne gruppa er Bjørg, Leif Jarle, Per Helge og Rune, alle med etternamn Olsbø. Tenk at vi har så mange dyktige musikalske underhaldarar i nærområdet vårt.

Etter dette innslaget stod mykje song og musikk på programmet. Først ut var «Norsk trekkspelklubb». Denne er slik samansett: Magnar, Kjell, Ellef, Leidulf og Bjørn på trekkspel, Per Helge og Oddvin på toradar, Kåre på gitar og Leif Jarle på bass. Dyktige spelarar og fantastisk stemning.



Til slutt må eg ikkje gløyme at mellom desse innslaga hadde Johan ei utruleg interessant forteljing om Abba-forliset ved Hælen i 1953. Han fletta inn Hornelen-segner og den fantastiske rapporten lensmann Alf Rosenlund sende til sjøforklaringa som vart halden i København. Om dette stod det i danske aviser etterpå: Norsk lensmands usædvanlige udtrykk

for deltagelse med de pårørende til de otte mand, der gikk ned ved Norges kyst med det danske motorskip «Abba». Stående og dypt bevæget paahørte alle ved søforhøret forleden retspræsident Hove læse lensmandens hilsen opp.»

Vidare stod det: -en skrivelse , vi med länsmændens tilladelse har ønsket at offentliggøre, fordi den er et i sin art og form temmelig enestaaende dokument, et vitnesbyrd om norsk kulturs egenart og om en ubrutt høy standard innenfor norsk embetsvæsen. Overskrifta i ei av avisene var: Klippen der voldet saa manges død.



Nesten til slutt viste Seniordansen fire kjekke dansar, og tilbakemeldingane har vore at det gjekk strålande. Leiaren vår, Brita runda av det heile med velvalde ord, og Kåre delte ut ei raud rose til kvar av underhaldarane. Vi takkar alle som deltok i programmet, matkomiteen, dei som leia festen og – ikkje minst - alle som kom på treffet vårt.

Til slutt nokre ord om vårhalvåret for Kolset Seniordans. Vi samlast som før annankvar tysdag med svært godt fram møte. To nye dansarar har vi fått, Grete og Trygve, noko som gleder oss mykje. Søndag 24. mars var vi på besøk på Klokkartunet. Vi viste i alt 12 dansar, men sjølv sagt tok vi pause med gode samtaler med bebuarane. Det er blitt ein tradisjon at vi vitjar Klokkartunet to gonger i året, og det vil vi halde fram med.

I februar hadde vi deltakarar på fylkesårsmøtet og i april på danseleiarsamling, begge i Jølster. No nærmar det seg sommaravslutning, som i år går til Ullsheim og Hornindal, og til hausten ønskjer vi gamle og nye dansarar hjarteleg velkomne til kjekke dansekveldar med sosiale kaffipausar.

B.D.L.

Turstien i Blålida – eit lite steg vidare

Som vi skreiv i julenummeret av Kolset Tidende, fekk vi 20 000 kr frå kommunen øyremerka bru over elva. Paul og Olav bygde brua, og Per Inge stilte med boremaskin. Brua er altså på plass, men der manglar rekkverk, så førebels er det sett opp stengsle mot vegen. Dette hindra ikkje ivrige dugnadsfolk, så stien frå brua til tomta til Johan er no grovrydda for einar, kratt og rotvelter. I tillegg er plastrestar, boksar og rusk blitt rydda vekk.



Særleg på ein plass er der vått, så der trengst det ei grøft og litt «treverk». Andre plassar er der litt for ulendt, så det må jamnast og planerast. Derfor trengst det spadar, spett, hakker og verktøy av ymse slag. Det vil bli annonsert dugnad, men dei som har tid og lyst, kan ta fatt når som helst, for det er heilt tydeleg kvar stien skal gå. Greier vi å få til stien inn til tomta til Johan denne sommaren, er det flott, og greier vi endå meir, er det endå betre.



Rugsund skyttarlag

Terminliste 2019

Dag/dato:	Tidspunkt:	Arrangement:	Ansvarlege:
Laurdag 9. mars	kl .09.00	Dugnad	Styret (meld frå til styret at du kjem)
Laurdag 30. mars	kl. 09.00	Dugnad	Styret (meld frå til styret at du kjem)
Søndag 28. april	kl.14.30- 17.00	Trening/ Jaktskyting	Jan Inge , Per Helge, Mondrad.
Tysdag 07. mai	kl.17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Per Inge , Paul Midtbø, Jan Åge
Søndag 12. mai	kl. 12.30-17.00	Skytingens dag	Styret
Tysdag 21. mai	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Harald , Øystein, Roy Cato
Søndag 26. mai	kl. 14.30-17.00	Trening/Jaktskyting	Arnt Willy , Arve Svarstad, Steffen Hamre
Tysdag 4. juni	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Jan Inge , Geir Årdalsbakke, Jan T.Kolseth
Søndag 16.juni	kl. 14.30-17.00	Trening/Jaktlagskyting	Harald , Geir Olsbø, Alf Bortne
Tysdag 25.juni	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Håvard , Arild L. Tonje
Søndag 30. juni	kl. 11.00-17.00	Lagskyting/Dugleikmerke Påmelding innan 29. juni	Per Inge , Idar, Svein L.
Søndag 14 . juli	kl. 14.30-17.00	Trening/Jaktskyting	Arnt Willy , Bjarte H, Henning B.
Tysdag 30. Juli	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Håvard , Jarle Å, Mattis Hamre
Tysdag 06. august	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Jan Inge , Knut Erlend, Jon Nygård
Søndag 11. august	kl. 14.30-17.00	Trening/Jaktskyting	Arnt Willy , Ole Jensen, Asle Skaar
Tysdag 13. august	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Harald , Rune L, Jon Arild
Søndag 18. august	kl. 13.30-17.00	Trening/Jaktskyting	Per Inge , Åse, Kjell L.
Tysdag 20. august	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	Håvard , Leif Jarle, Johan

Ta kontakt med styret for bruk av skytebana utanom oppsette dagar.

Styret oppfordrar til betaling over bankterminal på skytebana.

Vi ønskjer å unngå betaling med kontantar.

Styret håpar at dei ansvarlege som ikkje kan møte til oppsett tid, seier frå til leiar på tlf. 41233925

Vi oppfordrar dei ansvarlege til å ha med mobiltelefon, samt å lese oppslag; Krise- og beredskapsplan. Den som står først på lista (**utheva skrift**), har hovudansvar og kontaktar medansvarlege. Nøkkel til bana får ein ved å ta kontakt med leiar.

NB! Skytebana er elles open for skyting alle vekedagar i tidsrommet; hjortejakta slutt - til siste oppsett skyteaktivitet på terminlista.

All skyting må skje i samsvar med baneinstruksen, jf. stengd vegbom og varselflagg skal vere heist. Baneinstruksen er oppslegen på skytebana. Krise- og beredskapsplan er oppslegen på skytebana.

STOR AKTIVITET I SKYTTARLAGET 2019

- Mange unge skyttarar har delteke på luftgeværskyting innandørs
- Det har vore ei dame/jente - gruppe i gang med luftgevær.
- Vi vil starte med skyting for dei som vil prøve litt skarpere våpen ute i slutten av mai.



Det har vore stor dugnadsinnsats for at bana skal vere klar til bruk.

Vi kan fått utført fylgjande:



Rensking av grøfter, Rørlegging gjennom veg og oppgrusing av veg og parkeringsplass ved vegen.



Nytt kulefang på 100m



Rekkverk ved standplass



Skogrydding og slått.



Rydding av steinsras på 200m.

Reparasjon av vegg på huset, utskifting av toalett og vedlikehald av vassanlegg.



Skytingens dag vart arrangert 12. mai og mange unge skyttarar deltok. Det vart skote med laget sine våpen i kaliber 22 og 6,5. Dei unge skyttarane fekk gratis ammunisjon og laget spanderte grillmat, vafler og drikke. Eit velukka arrangement! Vi held fram med utandørstrening for dei unge og startar opp søndag 19. mai kl. 14.00 - 17.00

Takk til alle som har delteke på dugnad. Det har vore mange gode arbeidsøkter og trivelege pausar med grillmat og god prat. For dei som ikkje har hatt høve til å stille så kjem det fleire høve.

Vi har dessutan eit pågåande lotteri som vi kallar Dugnadslotteri, der ein kan bidra økonomisk og kanskje vinne ein av mange fine gevinstar. Loddbøkene ligg på skytebana under kvar aktivitet, men loddkjøparar kan henvende seg til styret for kjøp av lodd.

DUGNADSLOTTERIET vert trekt og kontrollert av Lensmannen 20. august.



Claus Frimann 1746-1829:

Stor minnemarkering på Davik søndag 16. juni 2019



Liv Marit Bøen leiar komiteen for arrangementet, og ho har brukt mykje tid på å gjere seg ekstra godt kjend med denne diktar- og «silde»-presten.

Kolset Tidende hadde lyst å vite litt meir om markeringa og avtalte eit møte med Liv Marit. Kvifor vil de arrangere ei minnemarkering no?

Målet med denne markeringa er å ta vare på dei kulturhistoriske minnesmerka våre, auke kunnskapen om lokalhistoria vår, og gjere oss betre kjende med både dikteren, presten og samfunnsborgaren Claus Frimann. Det siste jubileet som vart halde på Davik var i 1996, og Davik utviklingslag tykkjer det er på tide å setje diktarpresten «på kartet» att.

Vi har høyrte om diktarlunden. Kan du fortelje litt om denne?

Claus Frimann planta som kjent 11 furer som skulle vere til minne om apostlane (unnateke Judas). Som følgje av elde, vêr og vind, står det no berre fem av dei opprinnelege furene att.

Vi har no planta seks nye furer, og gjort området meir tilgjengeleg ved å lage ein gangveg opp.

Kva andre ting har de jobba med på førehand?

Vi har jobba med ei informasjonstavle om Frimann. Tavla skal stå ved furelunden og vere ferdig til arrangementet 16. juni. Ho skal avdukast av kultursjef Grete Berntzen.

Truleg vil mange av Kolset Tidende sine lesarar setje av denne søndagen for å vere med på markering, så det er fint om du seier litt om programmet.

Det vil eg gjerne, seier Liv Marit engasjert.

Vi startar kl 11 i Davik kyrkje med preike. Bjørg D. Lofnes skal leie programmet her og lese sjølvskrivne prolog. Preika blir halden av prest Gundersen frå Sandane. Han vil bruke Claus Frimann sine eigne manus, og lokale aktørar vil framføre nokre av Claus Frimann sine viser og tekstar.

Etter at vi er ferdige i kyrkja, skal informasjonstavla avdukast, og deretter spaserer vi på Claus Frimanns veg,

gamlevegen frå kyrkja over Frimannslund. Då høver det godt å fortelje meir om diktarpresten sitt liv.

Kl 13 vert det boklansering i Borgstova. Selja forlag gjev ut ei ny bok om diktarpresten.

Forfattar er Elin Grytting, og ho vil vere til stades i lag med Selja forlag og fortelje om boka.

I Borgstova skal vi og presentere ei utstilling av foto, skriftleg materiale og gjenstandar som fortel om Claus Frimann og livet i bygda på hans tid.

Sjølvsaft må vi ha mat, og her skal folk få smake tørka sild, poteter og heimelaga flatbrød.

Det vert og sal av varmmat, kaffi og noko attåt. Vi satsar på lokale krefter og samarbeider både med husflidlaget, sanitetsforeininga, soknerådet, skuleelevar og lokale musikarar.

Vi trur det vil bli ein kjekk, lærerik og spennande dag på Davik 16. juni. Alle er hjarteleg velkomne, avsluttar Liv Marit entusiastisk.



B.D.L.

LEIRGULEN IDRETTSLAG

LIL vart skipa i 1977. Laget har i dag i underkant av 100 medlemmer, med aktivitetstilbod for dei fleste aldersgrupper. Størst er aktiviteten i aldersgruppa 2-15 år. LIL ynskjer å skape aktivitet i bygda vår, og at aktivitetane skal verke sosialt og samlande - i tillegg til at trim sjølvsagt er helsefremjande og kjekt.

OBS! 10. Juni tenker vi i styret å ha ei sommeravslutning for LIL på Kolset Oppvekst med kjekke aktivitetar, kake, pølser og PREMIEUTDELING AV FJELLTRIMMEN. Dette kjem det meir info om seinare på facebookside til Kolset krins og plakater.

Vi har i dag følgjande faste aktivitetar: Barneidrett (Barnehagebarn torsdag 17.00-18.00 og barneskulen torsdag 18.00-19.00). Ansvarleg: Renate Storøy og Marie Laugerud. Fotball (I delvis samarbeid med andre idrettslag i kommunen). Ansvarleg: Rune Leirgulen Herretrim / fotball (torsdag 20.00-21.00). Ansvarleg: Øyvind Leirgulen. I tillegg til faste aktivitetar, arrangerer vi m.a. nissemarsj før jul, og trimbingo i påska. LIL har tilbod om idrettsmerketaking, og vi har nokre spreke damer som har teke idrettsmerket gjennom mange år.

Vi merker løyper, og står for Fjelltrimmen (13 ulike turar) og Barnefjelltrimmen (11 ulike turar). På kvart turmål har vi plassert turkasser, der ein registrerer seg med namn og samlar poeng , og er med i konkurransen om premiar kvart år

Fjelltimmen har bøker på følgjande turmål:

Troda (varden)	10 poeng
Raudalskammen (varden)	7 poeng
Søndstua (varden)	5 poeng
Raudalen (mur vest for selettilHildegunn)	3 poeng
Raudehaugen (hytta til Åshild, postkasse)	3 poeng
Huldrehaugen (utedoen)	3 poeng
Kyrahaugen (mur i nærleikenav hytta til Svein Inge)	3 poeng
Skaravatnet (hytta til Knut)	2 poeng
Gloføykvatnet (postkasse i løypa ved vatnet)	2 poeng
Heidasteinane (postkasse, stien til Djupedalen)	2 poeng
Tongane (bislaget på forsamlingshuset)	1 poeng
Djupedalen (hytta til Bjørg og Johan)	2 poeng
Skatestraumen (på stien frå Nygård mot Nygårdssetra)	1 poeng

Barnefjelltrimmen har bøker på følgjande turmål:

Tongane (bislaget på forsamlingshuset)	3 poeng
Hagen (skogsvegen frå lada til Solfrid)	1 poeng
Storfurua (ovanfor Tordis, i løypa frå barnehagen)	1 poeng
Hakkebakkeskogen (Stranda, løypa frå trimstova)	1 poeng
Øyna rundt (midtvegs i løypa, start ved Magne)	1 poeng
Vågen/Ranhøgda (start ved garasjen ved kyrkja)	1 poeng
Holten i Leira (i løypa mot Heidasteinane)	1 poeng
Mummisteinen (start ved grinda i Rabben)	1 poeng
Brauta (Blålida, løypa startar ved Geir)	1 poeng
Bortnen (skogsvegen mot Bortnestøylane/Skaravatnet)	1 poeng
Skatestraumen/Nygård (start ved avkøyrsla til Jan Inge)	2 poeng

Grasrotandelen

Du kan støtte idrettslaget vårt ved å registrere deg via tippekortet ditt når du tippar hos Norsk Tipping. 7 % av summen du tippar for, vil då gå direkte til laget – og dermed kome tiltak i nærmiljøet ditt til gode. Vårt org.nr. er 986124691

Styret i LIL ser slik ut for 2019:

Marie Laugerud	leiar
Hrafnhildur Eva Olafsdottir	nestleiar
Therese Kolseth	skrivar
Espen Gulliksen	kasserar
Roy Cato Edvardsen	styremedlem

Styret i LIL

BANEPROSJEKTET

Prosjektet med utvikling av området på og rundt kunstgrasbana held fra. I vinter fekk kunstgraset skadar på fleire stader da takstein fra skulebygget blåste ned og slo hull i dekket. Dette er noko Teknisk Etat i kommunen har lova å ta på sin rekning, og Unisport er kontakta for å utbetre skadane.

Det vart gjort ein god jobb dugnad i april. Den vart arrangert slik at prosjektgruppa ringte eit titalls personar og delte desse opp i arbeidslag på småprosjekter. Det viste seg å vere vellukka, og da kan man stille med heilt andre folk på neste dugnad. På denne måten tror vi at vi nyttar dugnadsviljen meir effektivt.

Planen vidare er å få i stand hoppegropa, lage fundament / plate for eit 16 kvadratmeter stort servicebygg der sykkelstativet no sperrar tilkomsten til bana, ha singel i gropa langs med løpebana slik at vi ikkje får høgdeforskjell, få ut resten av sanda i kunstgraset, og vi har også hatt synfaring på bana med tanke på å hente inn tilbod på asfaltering rundt.

Ellers har vi handla inn to sittegrupper med bord slik at det er mogleg å setje seg ned for ein kvil mens ungane boltrar seg i anlegget

Husstyret ved Kolset oppvekst

Det nye styret, frå mars 2019, er samansett slik:

Leiar:	Siv Holmøy
Nestleiar :	Jon Nygård
Kasserar:	Ole Jensen
Skrivar:	Per Inge Solvang
Styremedlem:	Björg Olsbø
Vara til styret:	Marcin Jarzabski og Carla Adrichem

Gloføykje

I år arrangerte vi den årvisse dugnaden på Gloføykstrand allereie 11.april, slik at området vart sommarklart til påske. Over førti personar stilte på dugnaden! At bygda tidlegare på dagen vann kampen for eitt år til med skule på Kolset, gjorde nok sitt til at stemninga var ekstra god, og at jobben gjekk som ein lek!

Dugnadsgjengen gjekk laus på plast og anna søppel, det vart raka og rydda, og busker og kratt fjerna. På fjære sjø same dag, hadde tre mann rydda stranda for tong og tare. Vi melde oss på Kystlotteriet sin ryddeaksjon i forkant av dugnaden, noko som medførte eitt lodd pr.søppelsekk. Vi kan via lotteriet vinne midlar til laget.



To nye bord med benkar vart skrudd saman, og her i inntok dei yngste saft, frukt og kake i dugnadspausa, medan dei vaksne benka seg i nauset, som for høvet var pynta med norske flagg. Idrettslaget si barneidrettsgruppe la trimmen til Gloføykje denne dagen, så vi hadde ekstra god hjelp i ryddinga. Veldig kjekt!



Den gamle naustmuren har ved hjelp av ein gjeng flinke arbeidskarar fått tak, og store dører mot stranda gjer at nauset er godt eigna til vinterlagring av bord og benkar m.m. Ein kan sitje under tak om det regnar. To nye søppeldunkar er på plass – no vert det vonleg ikkje boss å finne i naturen i området framover.

I det flotte påskeveret var det mykje folk på Gloføykje, området vart godt besøkt av både fastbuande og tilreisande. No står sommarsesongen for tur, også i år med ein ryddig og flott tusenårsstad - takka vere flittige dugnadsfolk!

Dersom fleire har tid og lyst til å gjere ein innsats i lag med oss, treng vi hjelp til beising av nauset.

Helsing KKV si arbeidsgruppe for Gloføykje (Magnar, Johan, Jan Inge, Merete K.)

Program for 17. mai 2019 i Kolset krins



- Kl 08:00 Flaggheising
- Kl 11.00 Gudsteneste i Rugsund kyrkje, minnemarkering ved bautaen
(For transport til eller frå kyrkja, ring drosjene i Rugsund tlf 416 39 102)
- Kl 12.00 Tog frå SFE til Kolset Oppvekst
- Kl 13.30 Festbord med rømegraut og spekemat. Open kiosk
Tale for dagen
- Kl 14.30 Ute- og inneaktivitetar for små og store
- Kl 15:30 Senior dansen opptre ute
- Kl 16.00 Kaffi og kaker - Folkefest

Velkommen til 17. mai feiring i Kolset krins!



Arr: 17.mai-komiteen 2019